



Haugen Vva AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:

Dykkar:
Vår: 21/10465 - 22/10070

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

03.02.2022

Dispensasjon - GBNR 322/247- avkøyrsløse og veg - Sveåsen bustadfelt Mjåtveit

Saka gjeldt søknad om dispensasjon frå vegnormal N100, krav 4.69 i samband med regulert avkøyrsløse mot kommunal veg for tilkomst til Sveåsen bustadfelt gbnr **322/247**, datert 21.01.2022.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Adkomstveg til det regulerte område frå Mjåtveitmarka, eksisterer i dag som gangveg med stigningsforhold brattare enn kravet i N100. Vegen ligg i bratt terreng. Framtidig plan for rundkøyring i Mjåtveitkrysset vil krevje at vegen vert lagt om og vegløyisinga vil kunne bli betre på sikt.

Vurdering/drøfting:

Det har vore fleire møter saman med Haugen VVA og utbyggar for å diskutere fram ei løysing som kommunen og utbyggar kan einast om for å løyse utfordringa med stigning i start avkøyrsløse og adkomstveg til Sveåsen.

Vegen er i dag for bratt det første stykket frå Mjåtveitvegen mot etablert gangveg. Terreng og avstand mellom Mjåtveitmarka og gangvegen gjer det vanskeleg å få optimale stigningsforhold på dette strekket. Som ei midlertidig løysing, fram til omlegging av veg når plan for rundkøyring i Mjåtveitkrysset vert realisert, vil det vere behov for avbøtande tiltak i vegen for å hindre trafikkfarlege situasjonar, særleg vinterstid.

Avbøtande tiltak er varmekablar i dekket for å hindre glatt parti mot Mjåtveitmarka, samt fall mot terreng på nordstida av vegen og stikkrenne for drenering under avkøyrsløse frå terreng mot kum.

Dei nye teikningane som er sendt inn er godkjent av Alver kommune. Vegen skal byggast i samsvar med dei tekniske teikningane og avkøyrsløse mot Mjåtveitmarka nyttast som adkomstveg til Sveåsen når avbøtande tiltak er på plass.

Samandrag/konklusjon:

Dispensasjon frå kravet til stigning i avkøyrsløse i vegnormal N100 kan dispenserast frå dersom avbøtande tiltak sett i vedtaket vert gjennomført som skildra i godkjent teknisk plan.

Vedtaket:

Kommunen er fråviksmynde for kommunal veg når det gjeld krav i vegnormal N100.

Alver kommune gjer vedtak om å gi dispensasjon frå krav 4.69 - utformingskrav for avkøyrslar i vegnormal N100, slik at avkøyrslar med adkomstveg til Sveåsen bustadfelt frå kommunal veg Mjåtveitmarka kan etablerast i samsvar med innsendte og godkjente tekniske teikningar, dersom fylgjande vilkår vert stetta:

- Avbøtande tiltak:
 - Drensrenne på tvers av veg, ved avkøyrslar i Mjåtveitmarka
 - Varmekablar i veg. Eigen dispensasjon frå VA-norm.
 - Tverrfall mot grøntareal i nord.

Vedtaket gir dispensasjon frå vegmynde til å utforme avkøyrslar i strid med stignings- og utformingskravet i vegnormal N100. Tiltaket er likevel søknadsploktig etter plan- og bygningslova. Dispensasjonsvedtaket forutsetter at andre godkjenningar ligg føre.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Arbeidet må setjast i gang innan 3 år etter at dispensasjon er gitt.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Plan og byggesak
Sakshandsamar byggesak

Postboks 4 5906

FREKHAUG

Mottakarar:

Haugen Vva AS

Kanalveien 5 5068

BERGEN